

FAR VEL, VENN -



Johanne Eline Gjengedal
(1944-2010), min ektefelle

Min tittel: «LYSNING»



KJÆRLEIKSROSA

Dagen ho døydde
tok eg fly vestpå
fortalde
og reiste heimatt -

så sat eg i stova
såg eit rådyr
skride verdig
opp stien
til tuntreet
snuste på vêret
spankulerte
same veg
attente -

aldri før, aldri etter -

sløret senka seg -

månaden etter
feira vi ho
venner
fullt utestad
mat og drikke
slik ho ville likt -

roser
masse roser
slik ho ville likt
vart bore inn
frå eit kjølig rom -

i blomehavet
sat ein liten fugl
heilt roleg
tagal -

∞

eg minnest
ei æve før
eit einerom -

armar i rørsler
kviskrar:

Eg vil fly!

FREDDIE LANGRIND